



Jegerskolen Roger Heggelund
2943 ROGNE

Referanser:
Dykkar: Ref.:XA5QVX-
Skjemanr.:3934
Vår: 23/902 - 23/12822

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2023

Foreløpig svar på rørleggermelding - gbnr 108/299 Lindås

Tiltak: Endring av tilknytingspunkt – kommunalt vatn og avløp
Byggjestad: Veråsvegen 105 – Gbnr 108/299
Tiltakshavar: Ole Martin Magnussen
Ansvarleg søkjar: Jegerskolen Roger Heggelund (Heggelund VVS-teknikk)

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi er usikre på om Jegerskolen Roger Heggelund (Heggelund VVS-teknikk) har nødvendige godkjenningar for å kunne søkje om og for å utføre arbeidet. av leidningsnett. Vi kan ikkje sjå at verksemda har sentral godkjenning. Verksemdar som ikkje har sentral godkjenning skal sende inn anna dokumentasjon på at dei har nødvendige godkjenningar for å kunne utføre arbeidet.
2. Vi har fått opplysningar om at bustad kan ha svømmebasseng. Vi ber om tilbakemelding på dette. Dersom bustad har svømmebasseng ligg det ikkje føre godkjent tilknytning til kommunalt vatn for basseng. Det ligg heller ikkje føre utsleppsløyve (til sjø, heilårs bekk eller til terreng) for basseng. Bassengvatn skal ikkje førast ut på kommunalt avløpsnett.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.03.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole Martin Magnussen

Veråsvegen 105 5955

Lindås

Mottakarar:

Jegerskolen Roger Heggelund

2943

ROGNE